



DEN NORSKE KYRKJA KYRKJEBØ SOKNERÅD

Høyanger 22.09.2017

Vår sakshandsamar: Bjørnar Otterstein

Vår ref.: 12/00001-004

Arkivkode: 002

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø sokneråd 05. september 2017 kl. 1900 på Kyrkjebø kyrkjelydshus.

Desse møtte:

Audun Digranes, Jarle Berge, Leif Arne Fureli, Borgny Birkeland, Stine Iren Røyseth, Irene Aase Aarseth, og Runar Matsui-Li.

Meldt forfall:

Anne Lise Ljøtebø, Sturla Bell Fossen, Lisbeth Haugsbø
Sidan skrivar Sturla Bell Fossen har meldt forfall, vert Irene Aase Aarseth referent i dag.

Kopi av møteboka går til:

Medlemer og varamedlemer, Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Toril Lange, Karin Grodås, Postmottak Høyanger.

Sakliste: Innkalling og referat frå sist møte vart godkjent. Ein merknad : sak 17 og 18 har vore behaldla før då med saks nr 13 -15. To tilleggssaker: Trusopplæringstiltak i Kyrkjebø og Vadheim 2017/ 2018, Midlar til jubileumsskrift.

Meldingssaker

- 00020** **Soknepresten hadde ordet.**
Runar snakka om søndagens tekst om talenta, og at det var viktig å bruke dei evner vi har fått.
- 00021** **Rekneskapsrapport.**
Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet og funnen ok.
- 00022** **Orgelprosjektet på Kyrkjebø.**
Orgelprosjektet er stort sett i rute, men kan bli noko forseinka pga. sjukefråvær hos arbeidarane til orgelbygger Feenstra. Tony Rozendal fyljer opp prosjektet.
- 00023** **Skifte av vindauge i Kyrkjebø kyrkje.**
Arbeidet er for lengst sett i bestilling. Og kyrkjevevja har fylgt opp saka. 7.sept er dato for gjennomføringa.
- 00024** **Vipps**
Vippsnummeret bør inn som fast informasjon i kvart gudstenesteprogram. I tillegg til at det er oppslag i kvar kyrkje. Ordninga fungerer bra, men små midlar kjem inn førebels. Runar orienterte litt om korleis bruke Vipps. Viktig å trykke på kjøp (med bilde av handlekurv) og så vippsnummer og send. Runar ordnar det i programma. Det vert og opplyst om det i kunngjeringa.

Postadresse:
Postboks 159
6991 HØYANGER

Gateadresse:
Dalevegen 4
6993 HØYANGER

Telefon:
57 71 41 00

E-post
bjornar.otterstein@hoyanger.kyrkja.no

Vedtaksaker

Sak 016/17 Musikk i hausttakkegudstenesta på Kyrkjebø. (Dok: 04/00011-008)

22. oktober hausttakkefest: KUL-koret har sagt JA til å delta då med eige innslag og evt som forsangar til salmane. Audun spør om Sjord spelar til. Keiko med fleire kan og spele, Runar spør. Runar spør og om Keiko kan spele til Litiurgien. Kan evt Toril spele piano ? Runar spør.

10. desember Lysmesse: Denne dagen er og utan organist/ kantor. Audun spør Finn Trædal og Magne Sagerøy om dei kan delta. Kan Keiko spele liturgi ? Dette må takast opp meir på neste soknerådsmøte.

Sak 017/17 Offersøknader 2017 - 2. halvår (Dok:16/00006-015)

Denne saka var behandla i førre møte 30. mai

Sak 018/17 Kyrkjevertar 2. halvår 2017 (Dok : 16/00010-004)

Denne saka var behandla i førre møte 30. mai.

Kyrkjebø

10.09. konfirmantpresentasjon	Lisbeth (og kyrkjekaffi)
22.10. hausttakkefest	Jarle (og kyrkjekaffi)
12.11. Allehelgen	Stine Iren (Og kyrkjekaffi)
10.12. Adventsgudsteneste / Lysmesse	Sturla (kyrkjekaffi)
24.12. Julafta	Lisbeth (ikkje kyrkjekaffi)
26.12. andre juledag	Anne Lise (ikkje kyrkjekaffi)

Vadheim

17.09. hausttakkefest	Borgny (Kyrkjekaffi, ungane har med frukt)
29.10. høgmesse	Audun (kyrkjekaffi)
03.12. høgmasse	Leif Arne (kyrkjekaffi)
24.12. julafta	Borgny (ikkje kyrkjekaffi)

Tilleggsak 1

Sak 019/17 Trusopplæringstiltak. Skriv frå Toril Lange utdelt på møtet.

Framlegg Trusopplæringstiltak – Kyrkjebø /Vadheim 2017-2018

Søndag 10. sept. kl 11.00 i Kyrkjebø: Konfirmantpresentasjon

Tysdag 12. sept. 17.15-18.30: Kidssamling i Vadheim - Toril får hjelp av Borgny og Irene

Alder 4 år til og med 3. og 4. klasse.

Søndag 17. sept. kl 11.00: Hausttakkefest i Vadheim. Utdeling av Mi Kyrkjebok 4 og 6 + evt. andre bøker Konfirmantpresentasjon. Toril deler ut bøkene og får evt hjelp av Borgny og Irene.

Torsdag 19. okt.: 4 og 6 årssamling Kyrkjebø kl 17.15-18.15: Toril får hjelp av Stine Iren og Irene.

Søndag 22. okt. Kyrkjebø kl 11.00: Hausttakkefest, utdeling av mi kyrkjebok 4 og 6 evt . Bibel. Toril deler ut bøkene. Når det gjeld Tårnagenthelg og minikonfirmantar vil Audun snakke meir med Toril om korleis vi skal legge det opp.

Tilleggssak 2 Sak 020/17 Midlar til Jubileumet.

Soknerådet må søkje om midlar til jubileumsskrift. Sparebanken hadde frist 1. sept., den gjekk oss forbi pga. tidsmangel. Neste er 1. mars, Det går an å søkje på forenkla søknad og då er potten 10.000,- der er ikkje søknadsfrist. Det må settast opp eit budsjett for å kunne søkje. Kor lang tid treng vi til å starte opp ? Kor mykje skal dei ulike representantane ha? Skal soknerådet dekkje reiseutgifter evt. opphald til innbedne gjester heilt eller delvis? Kor mykje vil vere behov for til årboka? Kor skal vi søkje? Kor kan vi søkje? Det finst ulike instansar å søkje. Kom med idear. Ein plass å begynne kan vere på nettet: Frivillig Norge.no

Vedtak : Soknerådet ber jubileumsnemda om å vurdere kor lang tid som må brukast og kor snart oppstart må skje. Soknerådet vil på neste møte vurdere kor og kortid søkje. Soknerådet ynskjer at jubileumsnemda kan stille på neste soknerådsmøte gjerne frå kl 20.00. Irene formidlar dette til nemnda. Soknerådet har ca 40.000,- på fond og kan evt. stille dette til disposisjon, men ynskjer at ein søker om kulturmidlar for å dekke inn desse utgiftene.

Neste soknerådsmøte er 3. oktober kl. 19.00. Møtet slutt kl. 20.45 Ref. Irene Aase Aarseth

Postadresse: Postboks 159 6991 HØYANGER	Gateadresse: Dalevegen 4 6993 HØYANGER	Telefon: 57 71 41 00	E-post bjornar.otterstein@hoyanger.kyrkja.no
--	---	--------------------------------	--